

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Elin Mikkelsen Bakka	K2-N01	20/237

Saksnr	Utval	Type	Dato
	Formannskapet	PS	
	Kommunestyret	PS	

Tilleggsløyve Seniortaxi og Heim for ein femtilapp

Kommunedirektøren si innstilling

Formannskapet vedtek ei vidareføring av Seniortaxi og Heim for ein femtilapp frå 01.09 til 31.12.2026.

Tiltaket blir finansiert med kr. 200 000,- frå disposisjonsfondet.

Sand, 02.09.2026

Samandrag

Suldal kommune fekk for 2026 løyvd kr 150.000 frå Kolumbus til Seniortaxi og Heim for ein femtilapp. Ordninga er tatt vel i mot av målgruppene og til no i år er det tilskotet for 2026 brukt opp. Ved orientering i Levekårsutvalet 02.09.2026 vart det informert om at kommunedirektøren har valt å disponera midlar utover tilskotet frå Kolumbus, fordi det er eit treffsikkert og godt tiltak som sikrar deltaking i samfunnet. Kommunedirektøren informerte i Levekår 02.09.2026 at ordninga no blir stoppa ettersom ein ikkje har vidare finansiering. Det er til no nytta i underkant av 300.000 til saman på ordninga. Levekårsutvalet vedtok i møtet 02.09.2026 å gå inn for å laga ei sak med tilråding til Formannskapet om å løyva pengar til føremålet, slik at ordninga kan vidareførast ut 2026.

Fakta

I 2025 fekk Suldal kommune innvilga 250.000 frå Kolumbus tiltaka Seniortaxi og Heim for ein femtilapp. Saka vart politisk handsama og ordninga vart sett i verk våren 2025.

Tilbakemeldingane frå både tilbydarar og brukarar av ordninga, er at den er treffsikker og god, og aukar sosial deltaking for målgruppene. Det er fleire døme på sambruk, der fleire deler same taxi til og frå samlingspunkt, arrangement og liknande. Slik kan også sjølve transporten vera ein positiv sosial arena.

Med bakgrunn i dei gode erfaringane frå 2025 søkte Suldal kommune om 500.000 ved årets utlysing. Summen Suldal kommune fekk innvilga i 2026 er betydeleg mindre enn både søknadssum og innvilga beløp i 2025, ettersom fleire kommunar søkte om tilskot i år. Det vart løyvd 150.000 til føremålet frå Kolumbus og vedtaket vart sendt til Suldal kommune 18.06.2026.

Til no i år har det blitt nytta 296 964 til ordninga. Ein har følgd med på kostnadane og kommunedirektøren valde å la ordninga gå over sommaren etter at vedtaket frå Kolumbus kom 18. juni, dette for å ha eit tilbod når andre sosiale arenaer gjerne tek pause. Ordninga blir no stoppa, dette vart orientert om i Levekårsutvalet 02.09.2026. Levekår vedtok å be Formannskapet om å handsama ei sak om tilleggsløyving på midlar til føremålet, for å kunne halda fram med ordninga i 2026.

Dersom Kolumbus lyser ut tilskotsordninga for 2027 vil Suldal kommune søkja om nye midlar.

Lover, føresegner, rundskriv

Økonomiske konsekvensar

Det er ikkje løyvd midlar til ordninga utover tilskotsmidlane som er finansiert frå Kolumbus. Det har vore ein auke i bruk som gjer at ein vurderer ei tilleggsløyve på 200.000 for å halda fram med ordninga frå 1. september og ut året. Finansiert frå disposisjonsfondet.

Folkehelse

Evalueringa av tiltaket syner at det er eit treffsikkert og godt folkehelsetiltak som aukar målgruppene sine føresetnadar for deltaking på sosiale arenaar. Slike tiltak har god førebyggjande effekt både på individ- og samfunnsnivå.

Gjeldande planar, retningslinjer og vedtak

Kommunestyretvedtak 012/25

Innkomne uttalar

Det er ikkje kome inn uttalar frå saka utover vedtaket frå Levekårsutvalet.

Vurdering og konklusjon

Kommunedirektøren konkluderer med at ei vidareføring av ordninga vil vera positivt for målgruppene.